

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 74/2002
av 25. juni 2002

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 149/2001 av 11. desember 2001⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2001/298/EF av 30. mars 2001 om endring av vedleggene til rådsdirektiv 64/432/EØF, 90/426/EØF, 91/68/EØF og 92/65/EØF og til kommisjonsvedtak 94/273/EF om vern av dyr under transport⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/10/EF av 22. mai 2001 om endring av rådsdirektiv 91/68/EØF med omsyn til scrapie⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 4.1 nr. 1 (rådsdirektiv 64/432/EØF), nr. 2 (rådsdirektiv 91/68/EØF), nr. 3 (rådsdirektiv 90/426/EØF) og nr. 9 (rådsdirektiv 92/65/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:

“– **32001 D 0298:** Kommisjonsvedtak 2001/298/EF av 30. mars 2001 (TEF L 102 av 12.4.2001, s. 63).”

⁽¹⁾ TEF L 65 av 7.3.2002, s. 20, og EØS-tillegget til TEF nr. 13 av 7.3.2002, s. 13.

⁽²⁾ TEF L 102 av 12.4.2001, s. 63.

⁽³⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 41.

2. I del 4.1 nr. 2 (rådsdirektiv 91/68/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
- “– **32001 L 0010**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/10/EF av 22. mai 2001 (TEF L 147 av 31.5.2001, s. 41).”
3. I del 4.2 nr. 20 (kommisjonsvedtak 94/273/EF) vert følgjande lagt til:
- “, endra ved:
- **32001 D 0298**: Kommisjonsvedtak 2001/298/EF av 30. mars 2001 (TEF L 102 av 12.4.2001, s. 63).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2001/298/EF og direktiv 2001/10/EF på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 26. juni 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfjerda i Brussel, 25. juni 2002.

For EØS-komiteen
Formann

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.